



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Meland kommune

Deres ref.:

Vår ref.:

17/00010-001

Vår sakshansamar.:

Anne Sofie Nergård
Uthaug

Arkivkode:

110


Dato:

28.02.2017

Økonomi og stabssituasjon i Meland sokn

Vi vil i dette brevet varsle om at Meland sokn er i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Vi har hatt stort arbeidspress over tid grunna sterk auke i folketal. Vi forventar at Meland kommune ser etter moglegheiter for å hjelpe i denne pressa situasjonen.

Med den store auken i folketallet og stadig aukande behov og krav til profesjonell administrasjon, ser vi oss no nøydd til å setje på dei raude varsellampene. Med det kommunale tilskotet som kommunen har gjeve oss i inneværande år må vi redusere bemanninga. Det går i hovudsak utover tilbodet vårt til barn og unge. Vi vil peike på at tilskotet til kyrkja har vist ein klar nedgang i høve til samla kostnader i kommunen gjennom mange år. Sjå vedlagte figur. (Tala er henta frå Kostra/SSB). No byrjar konsekvensane å bli tydelege.



Adresse:
Postboks 117

Tlf/faks
Tlf: 56171480
Faks: 56171481

E-post/Internett:
post@melandkyrkja.no
www.melandkyrkja.no

Bankkonto / Org.nr.:
9999.99.99999
976 995 406



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

I 2012 auka vi organiststillinga frå 80 til 100% stilling. Dette er den stillinga som klarast ligg under kommunen sitt ansvar. Behovet for auka stilling heng nøye saman med folketalsauken. Likevel har vi ikkje fått kompensert for denne auken, som med kostnader utgjer ca. kr 100. 000 pr. år.

I 2015 såg kyrkjevevja seg nøydd til å gå over frå rekneskapsføring på delvis frivillig basis til ei mindre sårbar ordning med høgare kompetanse innan offentlege rekneskap. Kommunens økonomiavdeling kunne ikkje ta oppgåva. Innleige av tenesta frå Akasia AS kosta oss 175 000 i 2016, men vi budsjetter med meir normal drift til 120 000 i 2017. Auken frå 60.000 i 2014 er likevel svært merkbar.

I 2016 var ungdomsarbeidaren vår ferdig med diakonutdanninga som han har teke på deltid. Han fekk etter søknad omgjort den 80% stillinga han har til ei diakonstilling og lønnsvilkåra er også endra tilsvarande. 22.januar vigsla biskopen han til teneste som diakon. Stillinga til diakonen er betalt dels av kommunale midlar, dels av trusopplæringsmidlar og dels av gjevarteneste. Auka utgifter til stillinga utgjer 80.000 pr år. Vi har oppmoda kommunen til å sjå på moglegheiter til samarbeid om diakonale oppgåver og hjelp til finansiering av diakonstilling, utan at det har blitt høyrte så langt. Deltidstilling er ikkje ideelt om vi vil halde på kompetansen.

Vi auka i 2016 opp konsulentstillinga frå 60% til 80% for å jobbe med gravferdsfeltet. Dette klarer vi enno ikkje å fullfinansiere med auka festeavgifter, men vi forskutterer den forventa oppgangen med å bruke av kyrkjegardsfondet.

Kyrkjevevjestillinga på 520 000 i årslønn er under snittet for kyrkjevevjer i kommunar med tilsvarande storleik. Det er ikkje enkelt å foreslå lønnsauke nett no.

Meland kyrkjelyd har ca. 200 frivillige som bidreg i ulike oppgåver og tenester. Vi har og ei aukande gjevartjeneste og denne utgjorde i 2016 340 000 kr. I tillegg fekk vi inn offer til eige arbeid på 150 000 og ein del andre gåver. Soknerådet vil jobbe aktivt for å auke gjevartenesta vidare. Men vi synes ikkje det er rett at vi må bruke av gåvemidlar for å dekke oppgåvene kommunen skal finansiere etter lovtæksten i kl § 15.

Difor ber vi om auka driftstilskot fra kommunen og for å løyse den akutte situasjonen. Vi vil kome tilbake med budsjettforslag for neste år, men ber om eit signal om kommunen er villig til å auke tilskotet på omlag kr 300.000 pr år, slik at tilskotet blir nærare 1,5% nettoutgiftene. Det ville løyse ein del av dei akutte problema for Meland sokn.

Venleg helsing

Anne Sofie Nergård Uthaug
Kyrkjevevje

Adresse:
Postboks 117

Tlf/faks
Tlf: 56171480
Faks: 56171481

E-post/Internett:
post@melandkyrkja.no
www.melandkyrkja.no

Bankkonto / Org.nr.:
9999.99.99999
976 995 406